

Utval: Utval for opplæring og helse
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etg., Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5
Dato: 10.11.2015
Tidspunkt: 10:00 – 14.00.

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Dan Stian Femoen (fram til kl. 12.00)	Medlem	H
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Leiar	A
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Ragnhild Fagerbakke	Medlem	H
John Helge Gullaksen	Medlem	H
Alexander Fosse Andersen	Nestleiar	SP
Solbjørg Helen Krossli Marjala	Medlem	R
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV
Tor André Ljosland	Medlem	KRF
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Elizabeth Toft Erichsen	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Emil Tetlie Brimsholm	Dan Femoen frå kl. 12.00	H

Merknader**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Arne Åsan	Fylkestannlege
Birthe Haugen	Seksjonsleiar fellestenester
Linda Farestveit	Seksjonsleiar skole
Torbjørn Mjelstad	Seksjonsleiar fagopplæring
Nina Ludvigsen	Seksjonsleiar OT/PPT
Odd Bjarne Berdal	Rådgjevar
Sunniva Schultze-Florey	Rådgjevar
Johan J. Meyer	HR-leiar
Øydis R. Ziem	Utvalsekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 75/15	Godkjenning møteinnkalling		
PS 76/15	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 77/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 40/15	Melding om fritt skuleval over fylkesgrensa mellom Hordaland og Rogaland	2014/23406	
RS 41/15	Ny tilskotsordning frivillig sektor 2015 - 2016	2015/11037	
RS 42/15	Utfyllande notat - Helsefremjande skule	2015/5010	
RS 43/15	Retningslinjer administrativ samanslåing av skular - løypemelding	2014/10030	
PS 78/15	Dimensjonering av Studiespesialiserande (ST) i Bergen	2014/10030	
PS 79/15	Bergen katedralskole - godkjenning av forprosjektet	2014/10285	
PS 80/15	Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – Budsjettfordeling nr. 6 - 2015	2014/598	
PS 81/15	Omorganisering av reinhaldstenesten i HFK	2014/13280	
PS 82/15	Klimaplan for Hordaland - Handlingsprogram 2016	2015/10375	
PS 83/15	Etablering av karrieresenter i Hordaland: forlenging av pilotprosjekt Karriere Sunnhordland	2014/16238	
PS 84/15	Høyring NOU 2015:8 Fremtidens skole - Fornyelse av fag og kompetanser	2015/6236	
PS 85/15	Høyringsuttale - Forslag til endringar i fagskulelova og studiekvalitetsforskrifta	2015/8234	
PS 86/15	Høyring - Læreplanar for utdanningsprogram for kunst, design og arkitektur	2015/9715	
PS 87/15	Strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019	2015/9089	
PS 88/15	Saksordførar rullering av skulebruksplanen	2014/10030	
PS 89/15	Anmoding om uttale - søknad om godkjenning etter friskulelova - Yrkesskolen for Bygg og Anlegg i Bergen AS	2015/8565	
PS 90/15	Revisjon av lokal forskrift om inntak og formidling	2015/10391	
PS 91/15	Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane 2016-2018	2015/10880	
PS 92/15	Fylkeskommunale styremedlemmer i private skular	2015/10949	
PS 93/15	Årsbudsjett 2016 / økonomiplan 2016-2019	2015/5430	
PS 94/15	Høyringssvar - Framlegg til endringar i opplæringslova	2015/10350	
PS 95/15	Ymse		

PS 75/15 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 76/15 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Vedtak

Møteboka frå møte i OPHE 29.09.15 vart samrøystes godkjent.

PS 77/15 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Vedtak

Meldingane vart tekne til orientering.

RS 40/15 Melding om fritt skuleval over fylkesgrensa mellom Hordaland og Rogaland

RS 41/15 Ny tilskotsordning frivillig sektor 2015 - 2016

RS 42/15 Utfyllande notat - Helsefremjande skule

RS 43/15 Retningslinjer administrativ samanslåing av skular – løypemelding

PS 78/15 Dimensjonering av Studiespesialiserande (ST) i Bergen

Forslag til innstilling

1.	Fylkestinget vedtek tilbudsstruktur og dimensjonering på Studiespesialisering i Bergen og på dei nye studieførebuande programma Medier og kommunikasjon og Kunst, design og arkitektur i Hordaland etter forslag A som vist i tabell i under.			
	Skule	Forslag A		
		KDA	MK	ST
	Amalie Skram vgs	0	180	630
	Bergen Katedralskole	0	0	648
	Fana Gymnas	0	0	0
	Fusa vgs	90		
	Fyllingsdalen vgs	0	0	360
	Garnes vgs	0	0	0
	Knarvik vgs	0		
	Laksevåg vgs	0	0	0
	Langhaugen vgs	0	0	450
	Nordahl Grieg vgs	0	180	545
	Olsvikåsen vgs	0	0	360
	Sotra vgs	0	0	
	Sandsli vgs	0	0	450
Stord vgs	0	90		
Årstad vgs	180	0	180	
Tertnes vgs	0	0	735	
Voss Gymnas	90	0		
Sum	360	450	4358	
2.	Innføringsklassa for minoritetsspråklege på Fana Gymnas og påbygg ved Garnes vgs vert lagt ned. Eventuell oppretting av desse tilboda ved andre skular vert tatt stilling til ved prognoseinntaket.			
3.	Flytting av utdanningsprogrammet Service og samferdsel (SS) frå Nordahl Grieg vgs til Stend vgs vert gjennomført med verknad frå hausten 16/17. IKT servicefag Vg2 på Nordahl Grieg vgs vert lagt ned.			

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten **Tor Andre Ljosland** sette fram følgjande forslag på vegner av KRF/AP/SP/SV/R:

«Saka utsettast».

Røysting

Utsetjingsforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka utsettast.

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 09.11.2015

Sveinung Valle (A) sette på vegner av A, KrF, H og FrP fram slikt forslag:

«Administrasjonsutvalet ønskjer ikkje å gjera realitetsvedtak i saka om dimensjonering av studiespesialiserande så tidleg i den politiske handsaminga av saka.»

Kari Løkensgård Bjørnsvik (Unio) sette fram slikt forslag:

«Det bør setjast av midlar til kompetanseutvikling for lærarar, som ein del av omstillingsprosessen knytt til studiespesialisering i Bergen».

Forslaget frå Kari Løkensgård Bjørnsvik vart omgjort til eit oversendingsforslag på vegner av A, KrF, H, FrP, LO-K, YS-K, Unio og Akademikerne.

Røysting

Valle sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Bjørnsvik sitt forslag vart oversendt til fylkesrådmannen på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

Innstilling

Administrasjonsutvalet ønskjer ikkje å gjera realitetsvedtak i saka om dimensjonering av studiespesialisering så tidleg i den politiske handsaminga av saka.

PS 79/15 Bergen katedralskole - godkjenning av forprosjektet

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget godkjenner forprosjektet og oppstart av byggeprosjektet for Bergen Katedralskole med ei kostnadsramme på 162 mill. kr.

PS 80/15 Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – Budsjettfordeling nr. 6 - 2015

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	665.020.00	02320	02146	Stord vgs - Omb. tilrettelagt opplæring	5 000 000	
10	665.020.00	02320	02147	Stord vgs.- Ventilasjon teoriblokk	3 500 000	
10	631.020.00	02320	02149	Rubbestadnes vgs. – Toaletter	800 000	
10	648.020.00	02320	02129	Austevoll vgs. – Gjennoppbygging	2 210 000	
10	633.020.00	02320	02150	Bergen Katedralskule–Omb. kjemiroom	1 290 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		12 800 000
				12 800 000	12 800 000	

PS 81/15 Omorganisering av reinhaldstenesten i HFK

Fylkesrådmannen ser fordelar både med dagens organisering (modell 1) og ei organisering under eigedomsavdelinga etter modell 3.

Etter ei samla vurdering av modellane, og sett opp mot den politiske bestillinga, vil fylkesrådmannen rå til at reinhaldstenestene i Hordaland fylkeskommune vert organisert etter modell 3.

Forslag til innstilling

1	Reinhaldstenestene i Hordaland fylkeskommune vert frå 01.03.2016 organisert under eigedomsavdelinga, driftsseksjonen.
2	Omorganiseringa vil bli gjennomført stegvis. Det første området som vil ta del i omorganiseringa er sentrumsskulane og fylkesadministrasjonen. Heile omorganiseringa skal vere gjennomført innan 01.01.2017.
3	Den nye organiseringa av reinhaldstenestene i HFK skal evaluerast innan 01.01.2018.

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 09.11.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling.

Innstilling

1. Reinhaldstenestene i Hordaland fylkeskommune vert frå 01.03.2016 organisert under eigedomsavdelinga, driftsseksjonen.
2. Omorganiseringa vil bli gjennomført stegvis. Det første området som vil ta del i omorganiseringa er sentrumsskulane og fylkesadministrasjonen. Heile omorganiseringa skal vere gjennomført innan 01.01.2017.
3. Den nye organiseringa av reinhaldstenestene i HFK skal evaluerast innan 01.01.2018.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1	Reinhaldstenestene i Hordaland fylkeskommune vert frå 01.03.2016 organisert under eigedomsavdelinga, driftsseksjonen.
2	Omorganiseringa vil bli gjennomført stegvis. Det første området som vil ta del i omorganiseringa er sentrumsskulane og fylkesadministrasjonen. Heile omorganiseringa skal vere gjennomført innan 01.01.2017.
3	Den nye organiseringa av reinhaldstenestene i HFK skal evaluerast innan 01.01.2018.

PS 82/15 Klimaplan for Hordaland - Handlingsprogram 2016

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 (klimabudsjettet) vert handsama i Fylkesbudsjettet for 2016.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. I samarbeid med Klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte årlege kutt i klimagassutslepp.

6. Klimagassutslepp skal vere eit tema i alle vegutbyggingsprosjekt.
7. Anbudsrundane for bussdrift i Bergen 2020 må førebuast no med tanke på eit lågutsleppsalternativ
8. Tiltaka for grøn mobilitet i Klimaplanen må utviklast vidare i samråd med Samferdselsavdelinga og skalerast opp.
9. Byggeprosjekt i fylkeskommunen skal BREEAM-sertifiserast. Fylkesrådmannen vert beden om å kome tilbake med ei eiga sak som utdjupar dette.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten **Roald Stenseide** sette fram følgjande forslag på vegner av FRP/H:

«Pkt. 5.8 Rushtidsavgift: Utgår.

Strategi B: *Nytt punkt*: Der kommuner bygger VA-anlegg langs fylkesveier bør det bli anlagt gang og sykkelveier samtidig.

Pkt. 5.16: Differensierte bompenger: Utgår.»

Røysting

Stenseide sine forslag pkt. 5.8 og pkt. 5.16 fekk 5 røyster (FRP/H) og fall.

Stenseide sitt forslag til *Nytt punkt* vart samrøystes vedteke saman med fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling

1	Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 slik det går fram av saka.
2	Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2016 (klimabudsjettet) vert handsama i Fylkesbudsjettet for 2016.
3	Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4	Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5	I samarbeid med Klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte årlege kutt i klimagassutslepp.
6	Klimagassutslepp skal vere eit tema i alle vegutbyggingsprosjekt.
7	Anbudsrundane for bussdrift i Bergen 2020 må førebuast no med tanke på eit lågutsleppsalternativ
8	Tiltaka for grøn mobilitet i Klimaplanen må utviklast vidare i samråd med Samferdselsavdelinga og skalerast opp.
9	Byggeprosjekt i fylkeskommunen skal BREEAM-sertifiserast. Fylkesrådmannen vert beden om å kome tilbake med ei eiga sak som utdjupar dette.
10	Der kommuner bygger VA-anlegg langs fylkesveier bør det bli anlagt gang og sykkelveier samtidig.

PS 83/15 Etablering av karrieresenter i Hordaland: forlenging av pilotprosjekt Karriere Sunnhordland

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si innstilling om å forlenge pilotprosjektet Karriere Sunnhordland, individuell karriererettleiing for vaksne over 19 år, med eitt år til 31. desember 2016.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si innstilling om å forlenge pilotprosjektet Karriere Sunnhordland, individuell karriererettleiing for vaksne over 19 år, med eitt år til 31. desember 2016.

PS 84/15 Høyring NOU 2015:8 Fremtidens skole - Fornyelse av fag og kompetanser

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til dei overordna tilrådingane i NOU 2015:8, med dei merknadene som går fram av saksframlegget.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten **Elizabeth Toft Erichsen** sette fram følgjande tilleggsforslag på vegner av V/H/FRP/MDG:

«Nytt pkt.: Eventuelle økte kostnader for fylkeskommunen ved gjennomføring av reformen må kompenseras fullt ut av Staten.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke saman med Erichsen sitt tilleggsforslag.

Innstilling

1	Hordaland fylkeskommune sluttar seg til dei overordna tilrådingane i NOU 2015:8, med dei merknadene som går fram av saksframlegget.
2	Eventuelle økte kostnader for fylkeskommunen ved gjennomføring av reformen må kompenseras fullt ut av Staten.

PS 85/15 Høyringsuttale - Forslag til endringar i fagskulelova og studiekvalitetsforskrifta

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune støttar forslaga til endringar i fagskulelova punkt 1 - 5.1 og punkt 7 - 11.
2. Forslaga i punkt 5.2, 5.3 og 6 vert ikkje støtta slik det kjem fram av denne sak.
3. Forslaga til endringar i studiekvalitetsforskrifta vert støtta.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten **Roald Stenseide** sette fram følgjande oversendingsforslag.

«Saka vert oversend fagskulestyret til orientering»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke. Oversendingsforslaget vart samrøystes vedteke oversend administrasjonen.

Vedtak

1	Hordaland fylkeskommune støttar forslaga til endringar i fagskulelova punkt 1 - 5.1 og punkt 7 - 11.
2	Forslaga i punkt 5.2, 5.3 og 6 vert ikkje støtta slik det kjem fram av denne sak.
3	Forslaga til endringar i studiekvalitetsforskrifta vert støtta.

PS 86/15 Høyring - Læreplanar for utdanningsprogram for kunst, design og arkitektur

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til framlegga til læreplanar i kunst, design og arkitektur med merknadene som kjem fram av høyringssvaret.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til framlegga til læreplanar i kunst, design og arkitektur med merknadene som kjem fram av høyringssvaret.

PS 87/15 Strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019

Forslag til innstilling

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 22.09.2015

Forslag til innstilling

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019.

Roger Pilskog /Tom Knudsen sette fram følgjande forslag på vegne av NHO/LO:

Dimensjoneringen må til enhver til avspeile og dimensjoneres etter arbeidslivets behov.

Det må settes mål for andelen som fullfører fag- og yrkesopplæringen, både de som starter Vg1 Y-fag, og de som får lærekontrakt.

Yrkesopplæringsnemnda ber om tilbakemelding på en tjenlig rapportering

Røysting

Pilskog/Knudsen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Dimensjoneringen må til enhver til avspeile og dimensjoneres etter arbeidslivets behov.

Det må settes mål for andelen som fullfører fag- og yrkesopplæringen, både de som starter Vg1 Y-fag, og de som får lærekontrakt.

Yrkesopplæringsnemnda ber om tilbakemelding på en tjenlig rapportering

Saksprotokoll i opplærings- og helseutvalet - 29.09.2015

Representanten **Rasmus L. Rasmussen** sette fram følgjande forslag:

«Saka vert utsett».

Røysting

Rasmussen sitt utsetjingsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten **Alexander Fosse Andersen** sette fram følgjande forslag på vegner av SP/AP/KRF/R/SV:

«Nytt punkt 2: Tiltaksplanen vert lagt fram for Utval for opplæring og helse for handsaming og endeleg vedtak.»

Representanten **Solbjørg Marjala** føreslo på vegner av R/AP/SP/SV/KRF følgjande protokollmerknad:

«I Strategiplan for fag- og yrkesopplæring i Hordaland 2016-2019 legger en vekt på tre aspekter; arbeidslivet sitt behov, kvalitet og fullføring. Vi mener at her må en vektlegge den enkelte elevs behov for lærlingplass og at dette bør spesifiseres i strategiplanen med et kulepunkt som sier: Hordaland fylkeskommune har som mål at flest mulig elever skal ende opp med studiekompetanse eller fagbrev. Tiltaksplanen må gjenspeile dette.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med Andersen sitt forslag til nytt punkt 2. Protokollmerknad frå R/AP/SP/SV/KRF følgjer saka.

Vedtak

1	Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019.
2	Tiltaksplanen vert lagt fram for Utval for opplæring og helse for handsaming og endeleg vedtak.

Protokollmerknad frå R/AP/SP/SV/KRF:

«I Strategiplan for fag- og yrkesopplæring i Hordaland 2016-2019 legger en vekt på tre aspekter; arbeidslivet sitt behov, kvalitet og fullføring. Vi mener at her må en vektlegge den enkelte elevs behov for lærlingplass og at dette bør spesifiseres i strategiplanen med et kulepunkt som sier: Hordaland fylkeskommune har som mål at flest mulig elever skal ende opp med studiekompetanse eller fagbrev. Tiltaksplanen må gjenspeile dette.»

PS 88/15 Saksordførar rullering av skulebruksplanen

Forslag til vedtak

_____vert politisk saksordførar for saka om rullering av skulebruksplanen (SBP)

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten **Rasmus Laupsa Rasmussen** sette fram følgjande forslag:

«Alexander Fosse Andersen vert politisk saksordførar for saka om rullering av skulebruksplanen (SBP).»

Røysting

Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Alexander Fosse Andersen vert politisk saksordførar for saka om rullering av skulebruksplanen (SBP).

PS 89/15 Anmodning om uttale - søknad om godkjenning etter friskolelova - Yrkerskolen for Bygg og Anlegg i Bergen AS

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar ikkje søknaden om godkjenning. Ei godkjenning vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Ei slik etablering vil ha negativ verknad på dei endringane som er gjort for å sikre robuste fagmiljø og vil gje fylkeskommunen ei utfordring i formidling til læreplassar.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten **Tor Andre Ljosland** fråtrede møtet medan utvalet handsama Ljosland sin habilitet.

Utvalsleiar **Emil Gadolin** sette fram følgjande forslag:

«Representanten Tor Andre Ljosland er habil i saka.»

Utvalet slutta seg til forslaget, og Ljosland tok sete i møtet.

Representanten **John Helge Gullaksen** sette fram følgjande forslag på vegner av H/FRP/V:

«Fylkesutvalget har ingen innvendingar til søknaden frå EBA Vestenfjeldske.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 7 røyster (AP/SP/SV/R) og fall.
Gullaksen sitt forslag vart vedteke med 8 røyster (H/FRP/V/MDG/KRF).

Innstilling

Fylkesutvalget har ingen innvendingar til søknaden frå EBA Vestenfjeldske.

PS 90/15 Revisjon av lokal forskrift om inntak og formidling

Forslag til innstilling

1	Fylkestinget vedtek lokal forskrift om inntak og formidling slik ho er lagt fram i vedlegg i saka
2	Dei to forskriftene frå 2014 vert slått saman, og reglane om inntak til IB vert nytt kapittel 2.
3	Ny § 10 andre ledd skal lyde: «Dersom det melder seg fleire søkjarar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av karakterpoeng frå Vg1.»
4	Lokal forskrift om inntak og formidling trer i kraft 01.01.2016.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1	Fylkestinget vedtek lokal forskrift om inntak og formidling slik ho er lagt fram i vedlegg i saka
2	Dei to forskriftene frå 2014 vert slått saman, og reglane om inntak til IB vert nytt kapittel 2.
3	Ny § 10 andre ledd skal lyde: «Dersom det melder seg fleire søkjarar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av karakterpoeng frå Vg1.»
4	Lokal forskrift om inntak og formidling trer i kraft 01.01.2016.

PS 91/15 Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane 2016-2018

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek *Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane for 2016-2018*.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek *Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane for 2016-2018*.

PS 92/15 Fylkeskommunale styremedlemmer i private skular

Forslag til vedtak

Frå 01.01.16 vert følgjande oppnemnt som styremedlemmer ved dei frie vidaregåande skulane i Hordaland fylke:

Framnes kristne vidaregåande skule: Regionleiar Annbjørg Laupsa
Danielsen vidaregåande skole og Danielsen intensivgymnas: Seksjonsleiar Linda Farestveit
Krokeide vidaregåande skole: Seksjonsleiar Torbjørn Mjelstad
Rudolf Steinerskolen i Bergen: Regionleiar Sissel Øverdal
Metis Akademiet Bergen: Regionleiar Sissel Øverdal
Bergen Private Gymnas: Regionleiar Sissel Øverdal
Sonans Bergen: Regionleiar Sissel Øverdal
Kongshaug musikkgympnas: Seksjonsleiar Birthe Haugen
Hop vidaregåande skole: Regionleiar Hillevi Runshaug
St. Paul gymnas: Regionleiar Hillevi Runshaug
Steinerskolen på Skjold: Seksjonsleiar Nina Ludvigsen

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten **Katrin Innvær Ankervold** sette fram følgjande forslag på vegner av AP/KRF/SV/R/SP:

«Utsett saken til første ordinære møte i OPHE. Vurdere politisk representasjon i styret.»

Røysting

Utsettingsforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til første ordinære møte i OPHE. Vurdere politisk representasjon i styret.

PS 93/15 Årsbudsjett 2016 / økonomiplan 2016-2019

Forslag til innstilling

1 a) Investeringsbudsjettet for 2016 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Bruk av lånemidlar	1 453 500

Tilskot og refusjonar m.m.	1 745 800
Salsinntekter	5 000
Midlar frå driftsbudsjettet	100 000
SUM INNTEKTER	3 304 300

Disponert slik:	
Bybaneutbygging	560 000
Fylkesveggar	1 703 000
Andre samferdselsføremål	218 300
Kultur	3 000
Tannhelse	25 000
Opplæring	757 000
Fellesfunksjonar	33 000
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	3 299 300

Eigenkapitalinnskot KLP	5 000
SAMLA FINANSIERINGSBEHOV	3 304 300

b) Driftsbudsjettet for 2016 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskot)	6 136 800
Finansutgifter	netto 678 500
Til finansiering av utg. i investeringsbud.	100 000
TIL FORDELING DRIFT	5 358 300

Fordelt slik:	
Politiske organ og administrasjon	netto 190 355
Eigedom	netto 121 000
Regional utvikling	netto 86 057
Samferdsel	netto 1 862 585
Kultur og idrett	netto 187 227
Tannhelse	netto 191 701
Opplæring	netto 2 737 515
Fellesfunksjonar	netto -87 611
FORDELTE PÅ SEKTORANE	netto 5 288 829

Tilleggsøyvingskonto	2 471
Lønsavsetjing	67 000
TIL SEINARE FORDELING	69 471

2. Låneopptak

Fylkestinget godkjenner låneopptak på 1 453,5 mill. kr.

3. Tiltak for å bremsa veksten i lånegjelda

Fylkestinget godkjenner at 50% av framtidige rekneskapsoverskot vert sette av til finansiering av investeringar.

Fylkestinget vil trappa opp avdragsbetalinga inntil ein når nivået på nye låneopptak.

4. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr	77 710
Stønad pr. representant i gruppa	kr	43 640
Frikjøp pr. representant	kr	42 460

5. Disponering av IT-løyving

Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå kontraktar som disponerer inntil 50% av IT-løyvingane i økonomiplanperioden.

6. Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta

Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta vert auka med 3,5 % frå 01.01.16.

7. Kollektivtakstane

Kollektivtakstane vert fastsett slik det går fram av budsjetteftet s. 57. Takstauken vert sett i verk frå 1. februar.

Økonomiplanen for 2016-2019

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.

Saksprotokoll i hovudarbeidsmiljøutvalet - 06.11.2015

Vedtak

Det framlagde årsbudsjettet for 2106 og økonomiplan for 2016-2019 vert teke til etterretning.

Representantane frå arbeidstakarorganisasjonane hadde to merknadar:

1) Arbeidstakarorganisasjonane bed om at det ikkje vert kutta i budsjett for læremiddel i 2016.

2) Arbeidstakarorganisasjonane ber om at 40%-stilling i Opplæringsavdelinga, knytt til førebyggjande arbeid ut mot ungdom ved bruk av stimulerende midler i idretten, vert oppretthalde. Stillinga er eit samarbeid mellom Antidoping Norge, Hordaland Idrettskrets og Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten **Alexander Fosse Andersen** sette fram følgjande protokollmerknad på vegner av SP/AP/KRF:

«AP, KRF og SP kjem attende med budsjettframlegg i fylkesutvalet. Innan opplæring kjem dei tre partia til å prioritera tiltak for å auka gjennomføring og redusera fråfallet i den vidaregåande skulen.»

Representanten **Roald Stenseide** sette fram følgjande oversendingsforslag på vegner av FRP/H/V:

«OPHE er bekymret over nedtrekket i budsjettet i opplæringssektoren. Utvalget minner om at HFK har som målsetning å minske fråfallet i den vidaregåande skolen. Skal målsetningen oppnås vil tiltak kreve ressurser. Skolene vil fortsatt ha et stort behov for midler til fornying av simulatorer og annet utstyr. Det bør vurderes å avsette egne midler til fagskolen. Det må settes av nok ressurser for å få økt lærlinger til offentlig og privat sektor.»

Representanten **Solbjørg Marjala** sette fram følgjande oversendingsforslag på vegner av Raudt:

«Takstene ved de offentlige tannhelsetjenestene blir ikke øket, men opprettholdt på nåværende nivå.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Oversendingsforslaga frå Stenseide og Marjala følgjer saka utan realitetsbehandling.

Protokollmerknad frå Andersen følgjer saka.

Forslag til innstilling

1 a) Investeringsbudsjettet for 2016 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Bruk av lånemidlar	1 453 500
Tilskot og refusjonar m.m.	1 745 800
Salsinntekter	5 000
Midlar frå driftsbudsjettet	100 000
SUM INNTEKTER	3 304 300

Disponert slik:

Bybaneutbygging	560 000
Fylkesvegar	1 703 000
Andre samferdselsføremål	218 300
Kultur	3 000
Tannhelse	25 000
Opplæring	757 000
Fellesfunksjonar	33 000
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	3 299 300

Eigenkapitalinnskot KLP	5 000
SAMLA FINANSIERINGSBEHOV	3 304 300

b) Driftsbudsjettet for 2016 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskot)	6 136 800
Finansutgifter	netto 678 500
Til finansiering av utg. i investeringsbud.	100 000
TIL FORDELING DRIFT	5 358 300

Fordelt slik:

Politiske organ og administrasjon	netto 190 355
Eigedom	netto 121 000
Regional utvikling	netto 86 057
Samferdsel	netto 1 862 585
Kultur og idrett	netto 187 227
Tannhelse	netto 191 701
Opplæring	netto 2 737 515
Fellesfunksjonar	netto -87 611
FORDELTE PÅ SEKTORANE	netto 5 288 829

Tilleggsøyvingskonto	2 471
Lønsavsetjing	67 000
TIL SEINARE FORDELING	69 471

2. Låneopptak

Fylkestinget godkjenner låneopptak på 1 453,5 mill. kr.

3. Tiltak for å bremsa veksten i lånegjelda

Fylkestinget godkjenner at 50% av framtidige rekneskapsoverskot vert sette av til finansiering av investeringar.

Fylkestinget vil trappa opp avdragsbetalinga inntil ein når nivået på nye låneopptak.

4. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr	77 710
Stønad pr. representant i gruppa	kr	43 640
Frikjøp pr. representant	kr	42 460

5. Disponering av IT-løyving

Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå kontraktar som disponerer inntil 50% av IT-løyvingane i økonomiplanperioden.

6. Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta

Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta vert auka med 3,5 % frå 01.01.16.

7. Kollektivtakstane

Kollektivtakstane vert fastsett slik det går fram av budsjetteftet s. 57.
Takstauken vert sett i verk frå 1. februar.

Økonomiplanen for 2016-2019

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.

Protokollmerknad frå SP/AP/KRF:

AP,KRF og SP kjem attende med budsjettframlegg i fylkesutvalet. Innan opplæring kjem dei tre partia til å prioritera tiltak for å auka gjennomføring og redusera fråfallet i den vidaregåande skulen.

PS 94/15 Høyringsssvar - Framlegg til endringar i opplæringslova

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune går mot framlegget om skuleval over fylkesgrensene, med dei merknadene som kjem fram her. Fylkeskommunen støttar intensjonen om å gje grunnskuleopplæring til elevar med rett til vidaregåande opplæring, men finn at framlegget slik det er no, ikkje vil gje naudsynt endring.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten Rosalind Fosse sette fram følgjande forslag på vegner av FRP/H/V:

«Hordaland fylkeskommune støttar framlegget om skulevalg over fylkesgrensene».

Røysting

Fosse sitt forslag fekk 6 røyster (FRP/H/V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 9 røyster (AP/SP/SV/R/KRF/MDG).

Innstilling

Hordaland fylkeskommune går mot framlegget om skuleval over fylkesgrensene, med dei merknadene som kjem fram her. Fylkeskommunen støttar intensjonen om å gje grunnskuleopplæring til elevar med rett til vidaregåande opplæring, men finn at framlegget slik det er no, ikkje vil gje naudsynt endring.

PS 95/15 Ymse

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.11.2015

YMSE

Følgjande dokument vart delt ut:

Praktisk informasjon til nye medlemmer knytt til arbeid i utvala.

Møteprotokoll frå møtet i administrasjonsutvalet 9.nov.

Skriv frå EBA Vestenfjeldske datert 5. nov. 2015

Informasjon om Skoletinget 14.-15. januar 2016.

Skriv frå rektor v/Fana gymnas Leif Sigurd Danielsen.

Vedk. Sak 78/15 Dimensjonering av Studiespesialiserande (ST).

I samband med sak 78/15 sette representanten **Alexander Fosse Andersen** fram følgjande «bestilling» til administrasjonen:

- «1. Ber administrasjonen gjøre en vurdering av å flytte MK til Arna vgs sine lokaler, jfr. vedtak i skolebruksplanen, blant annet med tanke på
 - kostnad ved evt. ombygging
 - plankapasitet
2. Ber administrasjonen legge frem anslag på kostnad på evt. rehabilitering av Fana gymnas».

OPEN TIME

Alexander Fosse Andersen stilte spørsmål til fylkestannlegen om ny tannlegevakt i Bergen. Fylkestannlegen svarte på spørsmålet.

Tor Andre Ljosland stilte spørsmål vedk. fylkesbiblioteket:

«Er fylkesbibliotekets e-bøker tilgjengelig for utleie på Bergen kommunes bibliotek? Hvis nei, hva kan gjøres for å få dette til?».

Spørsmålet blir oversendt kulturavdelinga i HFK.

Daniel Charles Hextall stilte spørsmål om elevar som mister opplæringsretten. Fylkesdirektør opplæring svarte på spørsmålet.

Solbjørg Marjala stilte spørsmål rundt budsjettoversikt og finansieringsmodell for privatskular i Hordaland.

Spørsmålet blir oversendt administrasjonen.

Fylkesdirektør opplæring orienterte kort om behov og rettar som flyktingar i aldersgruppa 15 – 18 år vil ha vedk. vidaregåande opplæring. Saka vert å koma attende til.